





## UTBYGGINGSAVTALE MELLOM RADØY KOMMUNE ORG.NR.: 954 748 634 OG RR ULVATN EIENDOM AS, ORG.NR.: 990 024 219 FOR SELFALLET BUSTADFELT


1. RR Ulvatn Eiendom AS utfører og kostar all utbygging innafor det arealet som er avgrensa i reguleringsplanen for Selfallet bustadfelt, godkjent av Radøy kommunestyre i møte 22.06.2006, sak 26/06, og 07.11.2006, sak 152/06. Utbygginga skal gjennomførast i samsvar med planen. Illustrasjonsplanen/reguleringsplanen som er grunnlag for gjevne rammeløyve for utbygginga, skal leggjast til grunn for opparbeidinga for området. Andre bestemmingar som gjeve i bygge- løyve, reguleringsføresegner m.m. som naturleg høyrer med, skal også gjelda.
2. Alle kommunaltekniske anlegg som veg, vatn og avløp med tilhøyrande kummer og komponenter, skal byggjast ut etter godkjende tekniske planar. Anlegga skal ha vanleg kommunalteknisk standard og utførast i samsvar med reglane i NS 3420 (eksempelvis med standard som felte i Urhaug III og Stølane byggjefelt). Vegane og felles parkeringsplassar skal ha veglys etter standard for mindre trafikkerte vegar/plassar. Alle planar skal godkjennast av kommunen før arbeidet i marka startar.
3. Felleisleidningar for vatn skal knytast til kommunale leidningar i området i samband med at det vert gjeve tilkoplingsløyve. Tilknytning til kommunal hovudvassleidning skal gjerast i samarbeid med, og etter avtale med teknisk drift. Utbyggjar har ansvaret for at området vert forsynt med vasstrykk i tråd med kommunen sine retningsliner og må ta kostnadene med dette. Dette betyr at hovudleidningar for vatn og avløp skal trykkprøvast i samsvar med gjeldande regelverk. Protokoll skal overleverast til kommunen.
4. Før kommunen eventuelt overtek vedlikehaldsansvaret for dei kommunaltekniske anlegga, skal utbyggjar leggja fram dokumentasjon som syner at arbeidet er utført komplett og i samsvar med planen og etter dei kvalitetskrav som lov og forskrifter krev. Om det ligg føre avtalar med andre etatar, må det leggjast fram dokumentasjon som syner at desse er oppfylt når det vert søkt kommunen om ferdigattest. Kommunen skal ha gjeve ferdigattest før overtaking kan skje, jf. pbl § 67, nr. 4. På grunn av erfaring med skader på for tidleg asfalterte vegar i bustadfelt, må utbyggjar leggje fram ein plan for korleis dette kan løysast slik at kommunen kan overta eit permanent asfaltdekke i god stand og utan skader.
5. Utbyggjar står ansvarleg for dei tekniske anlegga som vert opparbeidd i bustadfeltet. I samsvar med NS 3435 garanterer utbyggjar i 3 år frå overtakingsdato. Når anlegget er ferdig utbygt etter vedtatte planar, overtar kommunen anlegget til eiga og framtidig vedlikehald.
6. Dersom framtidige/omliggjande brukarar vil knyta seg til vatn og avløp, samt nytta seg av vegen i bustadfeltet, etter at anlegga i feltet er overtatt av kommunen, skal dei i tillegg til kommunalt tilknytingsgebyr for vatn og avløp, betala refusjon til utbyggjar. Refusjonskravet skal basera seg på utarbeidd kostnadsoversikt over anleggskostnadene fordelt på tal brukarar som det er kalkulert med. Utbyggjar fremjar refusjonskrava for eiga rekning og risiko etter reglane i plan- og bygningslova. Ordninga er avgrensa til å gjelda i 5 år etter at anlegga er overtatt av kommunen.

  
  
signaturer


7. Leikeområde i fellesområde og leikeområde, ballbane, akebakke, gangvegar m.m. i friluftsområde FL3 og FL4 vert ikkje overtatt av kommunen etter opparbeiding. Reguleringsplanen styrer desse tiltaka i rekkefølgeføresegnene.
8. Tilknytingsgebyr for vatn og avløp vert å betala til kommunen for alle nye abonnentar, etter dei til ei kvar tid gjeldande reglement og satsar.
9. Ved eventuelt heilt eller delvis sal av eigedom eller utbyggingsrettar, pliktar utbyggjar å sikra overført alle plikter i samsvar med denne utbyggingsavtalen, herunder sikra rettsetterfølgjarar plikt til same avtale ved eventuelt vidaresal. Denne avtalen skal tinglysast på gnr. 45/bnr. 7 og 371. Utbyggjar dekkjer tinglysingsgebyret.
10. Tvistar skal gå for dei ordinære domstolar med mindre anna vert avtalt i tilknytning til ein eventuell konkret tvist.
11. Utbyggingsavtalen skal godkjennast av Radøy kommunestyre før den er gjeldande.


Denne avtale er skriven ut i tre (3) eksemplar der kvar part tek vare på eitt eksemplar. Det eine eksemplaret vert tinglyst.

Stad/dato Manger, 23.09.2008

  
-----  
RR Ulvatn Eiendom AS  
v/styrets leder Rune Ulvatn

Manger, 23.10.2008


  
-----  
Ordfører i Radøy kommune



Som heimelshavar til gnr. 45, bnr 7 i Radøy kommune, samtykker eg med dette til tinglysning av denne avtale:

  
.....  
Rune Ulvatn  
Org. nr 966 075 562

Som heimelshavar til gnr. 45, bnr 371 i Radøy kommune, samtykker eg med dette til tinglysning av denne avtale:

  
.....  
Rune Ulvatn  
Fnr 110459 34766

Vedlegg til avtalen:

Reguleringsplan for Selfallet bustadfelt med føresegner.  
Eventuelle løyve/dispensasjonar  
Tekniske kart/VA-leidningar